



Arkivnr: 2016/2047-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		10.05.2016

Revisjon av kunstnarstipend

Samandrag

Med grunnlag i Regional kulturplan 2015-2025 si satsing på profesjonell kunst og på kunstnarar innan det frie, profesjonelle feltet, er det for 2016 lagt inn auke i budsjettposten Kunstnarstipend. Både i kulturplanen og i fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg vart det også varsla at ein ville sjå på innrettinga av stipenda.

I budsjettet for 2016 er det sett av til saman 230 000 kroner til kunstnarstipend.

I saka gjer fylkesrådmannen framlegg om inndeling av stipendsummen og innretting av komiteane og deira arbeid.

Forslag til vedtak

1. For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under utdanning.
2. Dei løyvde midlane for kunstnarstipend fordelast slik:
5 reise- og/eller kompetansehevingstipend á 25 000 kroner
2 arbeids- og fordjupningstipend á 50 000 kroner. Eit av desse arbeidsstipenda skal gå til kunstnar i etableringsfasen.
3. Det skal opprettast fagkomitear i følgjande kategoriar:
Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)
Musikk
Scenekunst(inkl. dans)
Litteratur og film

Anna/tverrkunstnarleg skal også vere ein kategori, og kandidatar som vel dette skal vurderast av minst to av dei mest aktuelle juryane.

4. Stipendkomiteane vurderer og innstiller inntil 4 søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet.
5. Det vert tilrådd å utnemne komitéar med medlemmar utnemnde frå følgjande organisasjonar / institusjonar:

-Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland (2 medlemmer), Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, VISP, Kunst- og designhøgskolen i Bergen.

-Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Griegakademiet, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune – Seksjon for kunst- og kulturformidling

-Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT teatergarasjen, Vestlandske teatersenter, Høgskolen i Bergen – Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon.

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteane. Det enkelte medlem kan sitje i komiteane for 2 år om gongen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.04.2016

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år gitt nokre kunstnarstipend som stønad til profesjonelle kunstnarar i Hordaland. Den samla stipendsatsen har dei siste ti åra vore kr 125 000, som ein har fordelt på fem kunstnarar (innan ulike kunstfelt) som har fått kr 25 000 kvar.

Søknadsmengda har dei siste åra vore omlag 90 søkjarar. Det viser eit stort behov for slike midlar.

Med grunnlag i kulturplanen si satsing på profesjonell kunst og på kunstnarar innan det frie, profesjonelle feltet, er det for 2016 lagt inn auke i budsjettposten Kunstnarstipend som no er på 230 000. Fylkesrådmannen varsla i budsjettframlegget å kome attende med eiga sak om innretting av stipenda.

Det har til no vore breie retningslinjer for innrettinga og bruken av stipenda, og ein vil no sjå på om ein kan målrette innsatsen betre, og knytt til satsingane i kulturplanen.

Føremål med stipenda

Gjennom Regional kulturplan PREMISS : KULTUR har Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein tydeleg politikk for det profesjonelle kunstfeltet. Innsatsområde 27 *Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet* har følgjande mål: *Vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder.*

I kulturplanen er det skrive følgjande om kunstnarstipend:

Det kan, ikkje minst av økonomiske årsaker, vere lettare å ha kunstnarleg verksemd som levebrød i Oslo enn i resten av landet. Ein slik ulikskap må motverkast. Men slik ulikskap finst også i Hordaland, mellom anna ved at Bergen kommune har kunstnarstipend, som ikkje andre kommunar har. Hordaland fylkeskommune skal ha ein kulturpolitikk som legg til rette for at det skal vere råd å leve som kunstnar overalt i fylket.

Når det gjeld kunstnarstipend, er det døme på at alle forvaltingsnivå har slike. Det er viktig å sjå desse ordningane i samanheng og i relasjon til andre ordningar, til dømes prosjekttilskot, slik at dei kan fungere supplerande til kvarandre og gjensidig styrke kvarandre. Hordaland fylkeskommune vil i planperioden vurdere innrettinga av fylkeskommunale kunstnarstipend.

Planen er tydeleg på at ein skal ta vare på både den institusjonelle delen av kunstlivet og det frie, profesjonelle feltet som i stor grad består av kunstnarar som er sjølvstendig næringsdrivande. Ein del av dette kunstløftet har vore å auke løyvingane til kunstnarstipend og sjå på innrettingane av stipenda og retningslinjene. Det har også vore gjort ei gjennomgang og omlegging av fleire andre søknadsordningar, og dette har m.a. tydeleggjort ein politikk for det profesjonelle kunstfeltet. Det er no lagt betre til rette for at frie, enkeltkunstnarar kan få støtte til sine prosjekt gjennom ulike søknadsordningar. Kunstnarstipend er supplerande til dette då det kan gje høve til kunstnarleg utvikling og fordjupning, utan eit umiddelbart krav om produksjon og resultat.

Tidlegare retningslinjer for tildelinga av kunstnarstipend

Følgjande retningslinjer har vore gjeldande sidan dei vart vedtekne av Kulturstyret 1. mars 1985 / 20. april 1990 og fram til og med 2015:

1. *Dersom søknadsmengda tillet det skal minst to av stipenda tildelast kunstnarar som er busette i Hordaland utanom Bergen.*
2. *Når det finst fylkesfernande kunstnarorganisasjonar, skal desse ha rett til å gje tilråding for si kunstgrein. Tilrådinga skal vera grunnigjeven.*

Når ein kunstnarorganisasjon gjev tilråding skal dei ha høve til å møta i stipendnemnda for å svara på spørsmål og eventuelt supplera den skriftlege grunnigjevinga med andre opplysningar.

I utlysinga heiter det:

"Stipendet kan nyttast som arbeids-, etterutdannings-, eller reisestipend."

Med "Med "kunstgreiner" meiner me desse kategoriane:

Biletkunst

Kunsthåndverk

Musikk/song

Scenekunst/dans

Forfattarar

Film

Anna

I 2015 fordelte søkjarane seg slik i forhold til kunstart:

Biletkunst/visuell kunst: 40

Musikk: 29

Scenekunst(inkl. dans): 7

Andre kunstartar/tverrkunstnarleg: 4

Kunsthåndverk og design: 3

Litteratur: 3

Film: 2

Biletkunst og musikk er gjennom fleire år dei kunstfeltet der det har vore flest søkjarar. Det kan vere ulike grunnar til dette. Dette er kan hende dei største kunstnargruppene, men det kan og vere grunna i faktorar som spreiding av informasjon om stipenda gjennom egne organisasjonar.

Nye retningslinjer og fordeling av stipendmidlane

25 000 kroner er eit lite stipend, men kan vere ein sum som gjer at ein kunstnar kan realisere planar om t.d. kurs, studieopphald, studiereiser og / eller samarbeid i utlandet. Difor tilrår fylkesrådmannen at det vert fordelt slik:

5 stipend á 25 000 til reise- og kompetansehevingsstipend

2 stipend á 50 000 arbeids- og fordjupningsstipend

For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under utdanning.

Undersøkingar visar at kunstnarstipend har størst tyding for unge kunstnarar / kunstnarar i etableringsfasen. Denne fasen er i endå høgare grad enn elles i kunstnarane sitt yrkesliv økonomisk usikker. Relativt små midlar kan då gjere ein forskjell. I tillegg gir eit stipend også anerkjenning og merksemd til ein kunstnar i startfasen. Difor vil ein tilrå at eit av dei to arbeidsstipenda skal tildelast ein kunstnar i denne fasen, og vi setter dette til at kunstnaren må vere under 40 år.

Stipendkomitéar innan følgjande kunstuttrykk vurderer og innstiller søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)

Musikk

Scenekunst(inkl. dans)

Litteratur og film

Anna/tverrkunstnarleg

Innstillinga skal vere grunngeven og det skal innstillast inntil fire kandidatar i prioritert rekkefølge frå kvar komité. Kultur- og idrettsavdelinga – seksjon for kunst- og kulturformidling tek den heilskaplege vurderinga og lager ei ferdig innstilling til framlegg for Utval for Kultur, idrett og regional utvikling. Innstillinga vert gjort ut i frå ut i frå m.a. søkjartal i dei ulike kunstartane, geografi, tidlegare tildelte stipend.

Ein kunstnar kan søkje om begge typar stipend same år. Om ein har fått stipend gjennom HFK skal det gå minst 3 år før ein igjen vil verte vurdert for evt. nytt stipend.

Av kven / korleis vert søkjarane vurderte?

Det er litt ulikt korleis kunstnarane innan dei ulike kunstartane er organisert, og difor har det vore ulike modellar for vurderingsgrupper og stipendkomitear innan dei ulike kunstartane. Det har vore ei blanding av interne og eksterne komitear.

I følgje tidlegare retningslinjer har søkjarar innan biletkunst/ visuell kunst vore vurdert av ein stipendkomité utnemnd av Bildende kunstneres forening Hordaland, og kunsthåndverk vore vurdert av komité utnemnd av Norske kunsthåndverkere Vest-Norge. Desse har innstilt inntil 2 kandidatar i prioritert rekkefølge med skriftleg grunngjeving av desse kandidatane.

Søknadar innan kategorien musikk og andre kunstartar/tverrkunstnarleg har vore vurdert og innstilt av Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne seksjonen har også teke den heilskapelege vurderinga og tilrådd samansetninga av den samla innstillinga.

Biletkunst/visuell kunst og musikk har vore dei kunstfelta med markant flest søkjarar til Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend. Ein ser også at sjangernamna og komitéane må reviderast noko i forhold til utviklinga i kunstartane.

Det er viktig å få komitémedlemmer med god kjennskap til den aktuelle kunstart og aktørane i fylket innanfor denne. Vurderingar vil alltid vere prega av subjektivitet, og det er difor også viktig at ein bytter ut komitémedlemmer jammleg. Breiare samansette komitear (med representasjon frå ulike organisasjonar) kan også sikre at ein får med ulike kunstsyn. Fylkesrådmannen tilrår difor ein modell for komitéane som kombinerer «fagfellevurdering» og vurderingar frå meir institusjonelle organ. Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar. Fylkesrådmannen vil tilrå at eksternt oppnemnde medlemmar sit i komiteane for 2 år om gangen. Den utpeikte organisasjonen har ansvar for å velje/utpeike sine representantar som vert meldt inn til Kultur- og idrettsavdelinga.

Stipendkomiteane vurderer og innstiller søkjarar på grunnlag av ei reint skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet.

Kunstlivet i Hordaland er forholdsvis oversiktleg, og mange kjenner kvarandre. Dette kan vere både ei styrke og ei svakheit. Det er viktig at representantane er bevisste habilitetsreglane, og retter seg etter desse. Elles kan ein sjølv sagt ikkje søkje stipend sjølv om i den perioden ein sit i ein av komitéane.

Det ligg også ein kostnad i å etablere eksterne komitear, og når det har vore ein såpass låg sum som er sett av til stipend kunne ein kome i situasjonen der ein bruker uforholdsmessig mykje midlar på komitéhonorar i forhold til kva ein deler ut som stipend. I andre samanhengar der ein fordeler midlar kan det vere vanleg å bruke inntil 20% av totalsummen til administrasjon. Når komitémedlemmar har betalt arbeid i ein kunstinstusjon / -organisasjon forventast det at den instusjonen / organisasjonar dekkar arbeidstida som er brukt på stipendarbeidet, og i dei tilfella der komitémedlemmane er sjølvstendig næringsdrivande (kunstnarar) vil dei få honorar. Honoraret skal reknast ut i forhold til berekna tidsbruk ut i frå tal på søknader i dei aktuelle komiteane. Omkostningane for komitéane vert som tidlegare dekkja over driftsbudsjett.

Visuell kunst og kunsthåndverk:

Innan dette feltet har det vore forholdsvis klare organisasjonsforhold, og det har vore naturleg å bruke stipendkomitear frå Bildende kunstneres forening Hordaland og Norske kunsthåndverkere Vest-Norge. Desse har innstilt inntil 2 kandidatar i prioritert rekkefølge med skriftleg grunngjeving av desse kandidatane.

Det var ved sist søknadsrunde omlag 40 søkjarar innan billedkunst/visuell kunst-feltet, og berre 3 innan kunsthåndverk og design.

Desse kunstfelta har også utvikla seg sidan dei tidlegare retningsliniane vart vedteke. Det er eit stort innslag av t.d. elektronisk kunst, videobasert kunst - ofte med element frå andre kunstartar i tillegg. Designfeltet er også kome til og ligg i ein posisjon som beveger seg mellom kunsthåndverk og industridesign.

Fylkesrådmannen ser det som hensiktsmessig å slå desse to kategoriane saman, og å utnemne komitéar som er meir samansett enn dei som har vore brukt til no. Det er viktig å få ei breidde av kunstsyn i komitéen, og at ikkje dette er knytt direkte til ein medlemsorganisasjon. Det vert tilrådd å opprette komité med representantar oppnemnde av følgjande organisasjonar/institusjonar:

- Bildende kunstneres forening Hordaland (BKFH) (inntil 2 repr.)
- Norske kunsthåndverkere Vest-Norge (NK Vest)
- VISP (kompetanse- og nettverksorganisasjon for det visuelle kunstfeltet på Vestlandet)
- Kunst- og designhøgskolen i Bergen

Representasjon / kompetansen frå Hordaland kunstsenter er ivareteke gjennom Bildende Kunstneres Forening Hordaland (BKFH) og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge (NKVN) som har oversyn med drifta av Hordaland kunstsenter, i tråd med historia til senteret som eit kunstnardrevet senter.

Musikk

Dette er eit felt der det er mange organisasjonar, ofte sjangerinndelt. Det vert tilrådd å opprette komité med representantar oppnemnde av følgjande organisasjonar / institusjonar:

- Brak (regionalt kompetansesenter for rytmisk musikk)
- Vestnorsk Jazzsenter
- Griegakademiet
- Bergen Filharmoniske Orkester
- Seksjon for kunst- og kulturformidling(HFK)

Scenekunst(inkl. dans)

Det vert tilrådd å opprette komité med representantar oppnemnde av følgjande organisasjonar / institusjonar:

- Proscen – (Interesse-/nettverksorganisasjon og kompetansesenter for scenekunstfeltet på Vestlandet, med fokus på produsentleddet)
- BIT teatergarasjen
- Vestlandske teatersenter
- Høgskolen i Bergen - Senter for Kunstfag, kultur og kommunikasjon

Litteratur og film

Grunna lita søknadsmenge dei siste åra er litteratur og film sett i ein kategori. Det har oftast berre vore 2 – 4 søkjarar innan kvar av desse kunstformane. Dei kan jo også ha eit visst slektsskap fagleg. Det vert tilrådd å utnemne komité med representantar frå følgjande organisasjonar / institusjonar med inntil 2 medlemmer kvar:

- Vestnorsk filmsenter
- Norsk forfattersentrum Vestlandet

Anna / tverrkunstnarleg

Søkjarar som vel denne kategorien skal vurderast i minst to av dei ovannemnte komiteane som er mest relevante.

Komiteane innstiller til fylkesrådmannen som legg fram si innstilling til Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Søkjarlista skal unndragast offentleggjering og innstillinga skal ha utsett offentlegheit, jf offentleglova § 26, 2.ledd, fram til vedtaket er gjort.